

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fylkeseldrerådet i Hordaland</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	11.01.2018
<b>Tid:</b>	09:30

### Program

Kl 09:30 – 12:00      Saksbehandling  
Kl 12:00 – 12:30      Lunsj i kantina  
Kl 12:30 -              Saksbehandling

Til dette møte har Kåre Ystanes meldt forfall. Gunvor Opedal stiller som vara.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Fylkeseldrerådet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kåre Ystanes  
leiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 1/18	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/18	Godkjenning av møteprotokoll frå møte den 07.12.2017.	2017/2682	
PS 3/18	Godkjenning av sakliste		
PS 4/18	Referatsak (meldingar)		
RS 1/18	Eldre døve som blir tilsidesatt i kommuner i Hordaland	2017/2682	
RS 2/18	Foreslått nedlegging av båtrute til veglause bygder på Osterøy, i Vaksdal og i Lindås	2017/2682	
RS 3/18	Orientering om regionreformen på møte i fylkeseldrerådet den 15.03.2018	2017/2682	
PS 5/18	Handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019, revisjon	2017/2682	
PS 6/18	Årsmelding 2017 for fylkeseldrerådet - justering etter møtet den 07.12.2017	2017/2682	
PS 7/18	Vedtak om representasjon i regionale brukerutval	2017/2682	
PS 8/18	Eldrerådskonferansen 2018 - konferansen for dei kommunale eldreråda, forslag til tid, stad og tema	2017/2682	
PS 9/18	Ymse		

**PS 1/18 Godkjenning av møteinnkalling**



Arkivnr: 2017/2682-63

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	2/18	11.01.2018

### Godkjenning av møteprotokoll frå møte den 07.12.2017.

#### Vedlegg

- 1 Protokoll frå møte den 07.12.2017.

**Utval:** Fylkeseldrerådet i Hordaland  
**Møtestad:** Sunnhordland, 4. etasje, Fylkeshuset  
**Dato:** 07.12.2017  
**Tidspunkt:** 13:00 – 16:45

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Ystanes	Leiar	PF
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP
Odd Himle	Medlem	SS-H
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Kari Solberg	Inger M Lingjerde	PF
Tore Svendsen	Synnøve Solbakken	FL A/SP/SV

---

**Merknader**

---

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ingvar Skeie	Spesialrådgjevar Budsjettseksjonen
Dianne Kilvær	sekretær

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 44/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 45/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 46/17	Godkjenning av sakliste		
PS 47/17	Referatsak (meldingar)		
RS 29/17	Svarbrev til Tollak Hjelmervik om eldre døve i Hordaland	2017/2682	
RS 30/17	Brev til SKYSS om servicelinjer på tvers av bydelene	2017/2682	
PS 48/17	Ad. parkeringsmuligheter i Birkelandskiftet	2017/2682	
PS 49/17	Ad. haldeplass ved Ulset sykehjem	2017/2682	
PS 50/17	Høyring om forslag til endringar i TT-ordninga	2017/2682	
PS 51/17	Handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016 - 2019, revisjon	2017/2682	
PS 52/17	Årsmelding 2017 for fylkeseldrerådet	2017/2682	
PS 53/17	Ymse		
PS 54/17	Vedtak om representasjon i regionale brukarutvalg	2017/2682	

### PS 44/17 Godkjenning av møteinnkalling

#### Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.12.2017

##### Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

### PS 45/17 Godkjenning av møtebok forrige møte

#### Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.12.2017

I møteprotokoll 09.11.2017 under Gunda Sparre sitt forslag samt vedtak i PS 42/17 skal det stå «Nytt utkast til årsmelding **2017** blir lagt fram i neste møte»

##### Vedtak

Møteprotokollen frå møte 09.11.2017 vart godkjent med merknaden ovanfor.

### PS 46/17 Godkjenning av sakliste

#### Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.12.2017

Ny sak **PS 54 Representasjon i regionale brukarutval** vart satt på saklista utan saksframlegg.

##### Vedtak

Saklista vart godkjend med merknaden ovanfor.

## **PS 47/17 Referatsak (meldingar)**

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.12.2017**

I samband med **RS 29/17 Svarbrev til Tollak Hjelmervik om eldre døve i Hordaland** stilte **Tore Svendsen** spørsmål om kvifor saksbehandling hadde tatt så lang tid. **Gunda Sparre** svara at dette var ei intern svikt.

Vedtak frå møte 06.12.2017 i Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne, som har behandla saka, kjem som referatsak i neste møte.

I samband med **RS 30/17 Brev til SKYSS om servicelinjer på tvers av bydelene** vil brevet bli oppdatert til norsk standard samt retta på skrivefeil.

#### **Vedtak**

Referatsakene vart tatt til orientering med merknadane ovanfor.

## **PS 48/17 Ad. parkeringsmuligheter i Birkelandskiftet**

### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til brev til samferdselsavdelinga angående parkeringsmogelegheiter i Birkelandsskiftet.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.12.2017**

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til brev til samferdselsavdelinga angående parkeringsmogelegheiter i Birkelandsskiftet.

## **PS 49/17 Ad. haldeplass ved Ulset sykehjem**

### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til brev til SKYSS angående haldeplass ved Ulset sykehjem.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.12.2017**

**Morad Reigstad (Fagforbundet)** satte fram forslag om å sende kopi av brevet til Bergen eldreråd. Fylkeseldrerådet slutta seg til dette.

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til brev til SKYSS angående haldeplass ved Ulset sykehjem.

## **PS 50/17 Høyring om forslag til endringar i TT-ordninga**

### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til høyringsuttale til endringar i TT-ordninga i Hordaland.

## **Saksprotokoll i - 07.12.2017**

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til høyringsuttale til endringar i TT-ordninga i Hordaland.

## **PS 51/17 Handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016 - 2019, revisjon**

### **Forslag til vedtak**

Rådsmedlemmane vert oppmoda til å evaluera kva for nokre oppgåver som har blitt gjort i året 2017.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.12.2017**

Fylkeseldrerådet drøfta handlingsplanen og vil ta saka opp att i neste møte.

**Kari Solberg (Pensjonistforbundet)** satte fram slikt forslag:

«Det må takast inn i handlingsplanen at retningslinjene i HFK for fylkeseldrerådet bør endras slik: Alle som blir vald som varamedlem i fylkeseldrerådet skal ha nødvendig opplæring på lik linje med medlemmene.»

Fylkeseldrerådet slutta seg til Solberg sitt forslag.

### **Vedtak**

Rådsmedlemmene vert oppmoda til å evaluere arbeidet i 2017 og kome med forslag til eventuelle endringar i handlingsplanen.

## **PS 52/17 Årsmelding 2017 for fylkeseldrerådet**

### **Forslag til innstilling**

Årsmeldinga 2017 for fylkeseldrerådet vert vedteke slik den ligg føre.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.12.2017**

**Odd Himle (Senior Norge)** satte fram slikt forslag:

«Årsmeldinga = presenterast meir «proff». I kurs-konferansar etc blir hovedmomenta teke med, men detaljert program for kvart kurs blir lagt på side xx og yy bak i meldinga.»

Fylkeseldrerådet slutta seg til forslaget.

### **Vedtak**

Årsmeldinga 2017 for fylkeseldrerådet vert vedteke slik den ligg føre med føreslegne endringar.

## **PS 53/17 Ymse**

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.12.2017**

#### Orienteringar

**Ingvar Skeie** frå budsjettseksjonen orienterte om forslag til budsjett 2018.

**Monrad Reigstad** beklagar at Fylkeseldrerådet ikkje er blitt kontakta av kultur- og idrettsavdelinga som førespegla. «Den kulturelle sparserstokken» er redusert i budsjett 2018.



#### Matkultur

**Inger Sjong** orienterte frå møte i produktrådet Bergen kommune 28.11.17 der leverandør og brukar var representert. Dette kan vere eit tema på neste eldrerådskonferanse.

**Gunda Sparre** informerte om at kjøkkenet på det nye Haraldsplass sykehus skal behaldast.

#### Utt delt i møte

Brev frå Skyss til Haraldsplass Diakonale Sykehus: Svar på søknad om endring av navn på bussholdeplass Statsarkivet til Haraldsplass Diakonale Sykehus.  
Brevet vart tatt til orientering.

Det er eit ynskje at også varamedlem får sms om møteinnkalling samt at møteprotokoll også vert sendt pr e-post til alle.

## **PS 54/17 Vedtak om representasjon i regionale brukerutvalg**

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.12.2017**

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å behandle mottatte brev frå fylkeseldrerådet i Troms i dagens møte og gjorde samrøysta vedtak.

#### **Vedtaket**

Fylkeseldrerådet i Hordaland fylkeskommune (HFK) sluttar seg til vedtaket som Troms fylkeseldreråd har gjort i sak om representasjon i brukerutvalet i helseforetak Nord. Fylkeseldrerådet i HFK sender tilsvarande uttale til Helse Vest om at det er fylkeseldrerådet i HFK som skal oppnemne representantar i brukerutvala slik som hittil med kopi til Helse Fonna og Haraldsplass Diakonale Sykehus.

AU får i oppgåve å formulere brevet.

**PS 3/18 Godkjenning av sakliste**

**PS 4/18 Referatsak (meldingar)**

**Notat**Dato: 19.12.2017  
Arkivsak: 2017/2682-53  
Saksbehandlar: mernord

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

**Eldre døve som blir tilsidesatt i kommuner i Hordaland****Frå sak PS 45/17 på møte i RMNF den 06.12.2017:****Samandrag**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har blitt oppfordra frå fylkeseldrerådet til å handsame denne saka. Det er ein utfordring for den kommunale pleie- og omsorgstenesta å skaffe teiknspråkkompetanse på sjukeheimar, når det er behov for det. Det vart sendt ein E-post frå fylkeseldrerådet den 09.11.2017 til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet handsama denne saka i møte den 05.04.2017, under ymse-posten. Rådet vurderte det slik, at dette var ein sak for det kommunale rådet og gjekk ikkje vidare med saka.

Det å skaffe teiknspråkkompetanse når det er behov for det, er ein rettighet som døve/tunghørde har krav på. Men sidan dette er eit kommunalt anliggende, kan ikkje RMNF gjera anna enn å gje ein uttale: «Fylkesrådet vil oppfordre alle som er medlemmar i kommunale råd om å ta dette spørsmålet opp med administrasjonen i sin kommune. Signo Konow Senter i Bergen har ein sjukeheim for døve/tunghørde med teiknspråkkompetanse i driftsavtale med Bergen kommune. Skal døve/tunghørde frå andre kommunar få plass her, må det baserast på ein avtale med Konow Senter og Bergen kommune».

Forslag til vedtak:

Forslag til uttale vert vedtatt:

Fylkesrådet vil oppfordre alle som er medlemmar i kommunale råd om å ta dette spørsmålet opp med administrasjonen i sin kommune. Signo Konow Senter i Bergen har ein sjukeheim for døve/tunghørde med teiknspråkkompetanse i driftsavtale med Bergen kommune. Skal døve/tunghørde frå andre kommunar få plass her, må det baserast på ein avtale med Konow Senter og Bergen kommune.

**Frå protokollen frå møte i RMNF den 06.12.2017:****Røysting:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vil oppfordre alle som er medlemmar i kommunale råd om å ta dette spørsmålet opp med administrasjonen i sin kommune. Signo Konow Senter i Bergen har ein sjukeheim for døve/tunghøyrde med teiknspråkkompetanse i driftsavtale med Bergen kommune. Skal døve/tunghøyrde frå andre kommunar få plass her, må det baserast på ein avtale med Konow Senter og Bergen kommune.

Vert sendt fylkeseldrerådet som orientering, som referatsak i møte den 11.01.2018.

**Notat**

Dato: 20.12.2017  
Arkivsak: 2017/2682-60  
Saksbehandlar: mernord

---

**Til:** Fylkesrådmannen

---

**Frå:** Fylkeseldrerådet

---

**Foreslått nedlegging av båtrute til veglause bygder på Osterøy, i Vaksdal og i Lindås**

Fylkeseldrerådet er blitt merksam på at det i budsjettframlegget som Fylkestinget skal handsama i møtet den 12.12.2017 er føreslått å leggja ned båtruta til ein del veglause grender i Osterøy, Vaksdal og Lindås kommunar. (Budsjettheftet side 69).

Fylkeseldrerådet bad Fylkestinget om å ikkje leggja ned dette rutetilbodet. Fylkeseldrerådet har skrive brev om denne saka. Brevet vart lagt fram for fylkestinget i møte i fylkestinget den 12.12.2017.

Sjå vedlegg.

Fylkeseldrerådet i Hordaland  
Agnes Mowinckelsgt 5  
Postboks 7008  
5020 BERGEN

Bergen 11.12.2017

Fylkestinget i Hordaland  
v/ fylkesordfører  
Agnes Mowinckelsgt 5  
Postboks 7008  
5020 BERGEN

### **FØRESLÅTT NEDLEGGING AV BÅTRUTE TIL VEGLAUSE BYGDER I OSTERØY, VAKSDAL OG LINDÅS**

Fylkeseldrerådet er blitt merksam på at det i budsjettframlegget som Fylkestinget skal handsama i møtet den 12.12.2017 er føreslått å leggja ned båtruta til ein del veglause grender i Osterøy, Vaksdal og Lindås kommunar. (Budsjettheftet side 69).

Fylkeseldrerådet ber Fylkestinget om å ikkje leggja ned dette rutetilbodet.

Slik Fylkeseldrerådet ser det, vil ei eventuell nedlegging ikkje berre ramma innbyggjarar i yrkesaktiv alder. Der dei yngre kan gå til ein veg fleire kilometer unna og der setja seg i bilen eller på ein buss, er ikkje dette ei løysing for alle. Eldre innbyggjarar, som kan ha vorte mindre førlege, og som derfor ikkje kan gå lange strekningar, vil vera avhengige av kollektiv transport for å kunna utføra naudsynte ærend utanfor bygda, som til dømes legebeseøk. For dei er båtruta den kollektive transportløysinga dei treng og som dei har hatt i fleire år.

Fylkeseldrerådet vonar difor at Fylkestinget vel å oppretthalda rutetilbodet som no.

Med venleg helsing  
Fylkeseldrerådet i Hordaland

Kåre Ystanes  
Leiar

**Notat**

Dato: 20.12.2017  
Arkivsak: 2017/2682-61  
Saksbehandlar: mernord

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Orientering om regionreforma på møte i fylkeseldrerådet den 15.03.2018**

Det vil bli orientering om regionreforma på møte i fylkeseldrerådet den 15.03.2018. Orienteringa vil bli hold av seniorrådgjevar Thorbjørn Aarethun frå Hordaland fylkeskommune, som har regionreforma som sitt hovudarbeidsområde.

Orienteringa vil ta for seg:

- En generell orientering om regionreforma.
- En orientering om eldrerådet sin plass etter samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane fylke.

Til info.



Arkivnr: 2017/2682-55  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	5/18	11.01.2018

## Handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019, revisjon

### Samandrag

I sak PS 51/17 på møte den 07.12.2017 vart medlemmane oppmoda til å evaluera kva for nokre oppgåver som har blitt gjort i 2017 og kome med forslag til eventuelle endringar i handlingsplanen.

Det vart og sett fram slikt forslag: det må takast inn i handlingsplanen at retningslinjene i HFK for fylkeseldrerådet bør endrast slik: «Alle som blir vald som varamedlem i fylkeseldrerådet skal ha nødvendig opplæring på lik linje med medlemmane.»

Ein gjer merksam på at nye formuleringar er markert med gult i handlingsplanen, medan ein lilla markering betyr at dette punktet skal ut av handlingsplanen for fylkeseldrerådet.

Sjå vedlegg om handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019.

### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019, slik den ligg føre.

Bertil Søfteland  
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs  
Jurist/rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



**HANDLINGSPLAN**  
**for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2016-2019**  
*forslag revisjon 11/01-2018*

2018

## **HANDLINGSPLAN for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2016-2019**

### **INNHOLD:**

Eldrerådet sitt mandat.....	.....side 3
Forord om Fylkeskommunen sine ansvarsområde.....	.....side 3
Fylkeseldrerådet ; eit reelt samarbeidsorgan for fylkeskommunen. ....	.....side 3
1. Innanfor samferdsle.....	.....side 4
2. Innanfor folkehelse og tannhelse.....	.....side 4
3. Innanfor kultur.....	.....side 5
4. Vidaregåande opplæring.....	.....side 5
5. Fylkeseldrerådet som formidlar av kunnskap og informasjon .....	.....side 5
6. Eldre som ressurs.....	..... side 6
7. Eit aktivt fylkeseldreråd .....	..... side 6

## Fylkeseldrerådet sitt mandat

### Eldrerådslova, kap II, § 7:

- Eldrerådet er eit rådgivande organ for fylkeskommunen
- Alle saksdokumenta skal leggjast fram for rådet i god tid før fylkestinget handsamar sakene.
- Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.
- Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkem eldre i fylket.
- Protokollen frå rådsmøtet skal fylgja saksdkumenta til dei fylkeskommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

### Fylkeseldrerådet ; eit reelt samarbeidsorgan for fylkeskommunen.

Fylkeseldrerådet ønskjer å vera eit reelt rådgivings- og samarbeidsorgan for fylkeskommunen. For å kunna gjøra godt arbeid trengs det opplæring i lovverket, i kva oppgåver rådet har, og informasjon om praktiske tilhøve rådsmedlemmene treng å ha kunnskap om.

**A** Alle nye medlemmer og varamedlemmer i rådet må få tilbod om opplæringskurs slik at dei kan ivareta rolla si best mogleg.

**B** Budsjettet må bli lagt fram for Fylkeseldrerådet i god tid. Det krev god samhandling med økonomi- og organisasjonsavdelinga. Likeins må rådet få tidleg kunnskap om planarbeidet i fylkeskommunen og kjennskap til når sakene skal handsamast i dei politiske organa, noko som krev god samhandling med planavdelinga. Fylkeseldrerådet vil difor krevja å bli tidleg informert om planane HFK har når det gjeld alle HFK sine ansvarsområde, som er:

1. Samferdsle
2. Folkehelse
3. Tannhelse
4. Vidaregåande opplæring
5. Kultur
6. Regional utvikling

**C** Fyvel vil arbeida for å hindra diskriminering og fremja likeverd i i saker rådet handsamar.

- D** Fylkeseldrerådet vil også på eige initiativ gi innspel og kommentarar på område som fylkeseldrerådet meiner er viktige for dei eldre i Hordaland fylkeskommune.

## 1. Samferdsle

- A. Fylkeseldrerådet vil ha særleg merksemd på ordningane for kollektivtrafikken i fylket, både når det gjeld lokaltrafikken i kommunane og langdistansetrafiikk over kommunegrensene , med særleg fokus på:
- Skyss sine tilbod både når det gjeld ruteopplegget, informasjonen til brukarane og tilrettelegging for eldre og funksjonshemma
- B. Fylkeseldrerådet vil arbeida for at alle vegplanar inneheld punkt om at
- det blir laga sykkel-/gangsti langs alle nye vegar samstundes som vegen blir bygd.
- C Fylkeseldrerådet vil arbeida for at *universell utforming* også må gjelda for
- innreiing av dei kollektive transportmidla som fylket har ansvaret for
  - tilkomst til alle fylkeskommunale bygg
  - delta i prosjekt om universell utforming når dette skulle vera aktuelt
  - arbeida for at turområde vert tilrettelagde for rørslehemma slik at dei kan koma seg ut i naturen på eiga hand eller ved hjelp av medhjelpar.
- D Fylkeseldrerådet vil arbeida for at punkt 12 i "Retningsliner for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland" (TT-kort) vert endra, slik at brukararar som er innvilga TT-kort ikkje misser dette sjølv om dei vert innlagde i institusjon.
- E Fylkeseldrerådet vil at Fylkeskommunen i samarbeid med Trygg Trafikk fokuserer på trafikkisikringstiltak for utsette grupper.
- F** Fylkeseldrerådet vil arbeida for at alle haldeplassar har leskur, godt ljøs og markering for fotgangarar slik at det blir trygge tilhøve ved av- og påstigning.
- G** Oppmuntra dei lokale eldreråda til å søkja om midlar til trafikktiltak særleg retta mot born og eldre.

## 2. Folkehelse og tannhelse

*Folkehelse*

Fylkeseldrerådet vil

- a) halde seg orientert om utviklinga i fylket når det gjeld helsetiltak for eldre
- b) oppmoda fylkeskommunen om å gi økonomisk støtte etter søknad til kommunale eldreråd eller organisasjonar som vil starta aktivitetstiltak for eldre

Fylkeseldrerådet vil

- a vera representert i brukarutvala for sjukehusa i fylket
- b samarbeida med fylka Sogn og Fjordane og Rogaland om representasjon regionsvis i helseføretaka

*Tannhelse*

Fylkeseldrerådet vil vera pådrivar for at

- a) tannhelsetenester kjem inn under dei same reglane som helsetenester elles, til dømes når det gjeld eigenandelar og refusjonar
- b) ordninga med fylkeskommunal tannhelseteneste må oppretthaldast
- c) talet på tannklinikkar knytt til sjukeheimar ikkje blir redusert
- d) det blir oppretta ambulerande tannklinikkar i distrikta

### 3. Kultur

Fylkeseldrerådet vil arbeida for

- at staten aukar tilskotsramene til Den kulturelle spaserstokken
- at eldre og funksjonshemma kan delta i kulturtilbod der dei bur
- **at** det blir lagt tilrette for at eldre og rørslehemma kan koma seg ut i naturen og fram til fritluftstilbod
- at det blir avsett midlar til å støtta opp om friviljuge organisasjonar som arbeider for eller organiserer eldre

### 4. Vidaregåande opplæring

Fylkeseldrerådet vil vera pådrivar for at fylkeskommunen

- a) gir tilstrekkeleg utdanningstilbod innanfor område som er relevante for å få nok personell i eldreomsorga, til dømes i helse- og sosialfag
- b) tilbyr lærlingplassar i sine verksemder, slik at elevane får fullført utdanning i t.d. sosial- og helsefag
- c) fylkeskommunen oppfordrar kommunane og helseføretaka til å tilby lærlingplassar innan til dømes sosial- og helsefag i kommunale verksemder

- d) gir tilbod til vaksne, slik at personar som er i arbeid i helse- og sosialfagområdet, men ikkje har formell utdanning, kan få fagbrev eller annan dokumentasjon på kompetansen sin.

## 5 Fylkeseldrerådet som formidlar av kunnskap og informasjon

- A Fylkeseldrerådet vil halda seg orientert om utviklinga innanfor eldreomsorga generelt og eldreomsorgsteknologien spesielt, både i Noreg og i Europa ved å
  - a delta på, relevante kurs som blir arrangert
  - b delta på fellessamling for fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane og Rogaland
  - c delta på Landskonferanse for alle fylkeseldreråd i Noreg
  - d delta på studietur saman med nabofylka.
- B Fylkeseldrerådet vil formidla kunnskap innanfor eldreomsorg og eldrepolitikk ved å arrangera årlege konferansar for alle kommunale eldreråd i Hordaland fylke
- C Fylkeseldrerådet vil skapa merksemd om informasjon frå Statens Seniorråd
- D Fylkeseldrerådet vil arbeida for betre kontakt med dei kommunale eldreråda.

## 6 Eldre som ressurs

Fylkeseldrerådet vil arbeida for å synleggjera eldre som ressurspersonar og leggja til rette for at eldre kan påta seg ulike offentlege verv.

## 7 Eit aktivt Fylkeseldreråd

- Fylkeseldrerådet vil arbeida for å gjøra rådet meir synleg ved å
  - a ta meir kontakt med media
  - b leggja fram eigne saker for dei politiske organa i fylket



Arkivnr: 2017/2682-58  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	6/18	11.01.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018
Fylkestinget		06.03.2018

## Årsmelding 2017 for fylkeseldrerådet - justering etter møtet den 07.12.2017

### Samandrag

Denne saka vart handsama på møte i fylkeseldrerådet den 07.12.2017, PS sak 52/17. Det har no kome forslag om endringar til utkastet som vart handsama i møte den 07.12.2017.

Det er desse endringane som skal handsamast på dette møtet den 11.01.2018. Endringane gjeld justeringar i layout og nokre små endringar i teksten.

Årsmeldinga vil få ein annan layout før den skal handsamast i fylkesutvalet og i fylkestinget.

Sjå vedlegg.

### Forslag til vedtak

Årsmeldinga 2017 for fylkeseldrerådet vert vedteke slik den ligg føre.

Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

Ingri Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Årsmelding 2017 for fylkeseldrerådet.

# Årsmelding 2017

## Hordaland fylkeseldreråd

### Innleiing

Innføring av lovfesta eldreråd i kommunar og fylkeskommunar vart lovpålagt frå 1. januar 1992. Det har gitt eldre personar auka medråderett i saker som vedkjem dei. Dette er i samsvar med FN sine prinsipp som vart vedtekne av FN i 1991. Følgjande punkt er tekne med under hovudområde deltaking:

*”Eldre skal vera integrert i samfunnet, delta aktivt i utforming og gjennomføring av politikken som direkte vedkjem deira velferd, og dele sine kunnskapar, sin dugleik og sine erfaringar med yngre generasjonar.”*

Eldreråda er viktige talerør i denne samanhengen.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er eit rådgivande organ for fylkeskommunen og fylkeskommunale verksemdar når det gjeld tilhøve som vedkjem eldre og eldre sine levekår. Rådet kan også sjølv ta opp saker.

Fylkeseldrerådet samarbeider og har kontakt med dei 33 kommunale eldreråda i Hordaland og med Statens seniorråd som vart oppretta ved Kongeleg resolusjon 19. april 2002.

Eldrerådet si funksjonstid er fire år og følgjer fylkestingsperioden. Nytt eldreråd vart oppnemnd etter fylkestingsvalet i september 2015.

Saksdokument og møteprotokollar frå rådsmøta i fylkeseldrerådet er tilgjengelege på fylkeskommunen sin nettportal (<http://www.HFK.no>) til liks med politiske organ i fylkeskommunen.

### Samansetjing av fylkeseldrerådet (FYEL)

Rådet har sju representantar med personlege vararepresentantar. To representantar er politisk oppnemnde og fem er valde etter forslag frå pensjonistforeiningar i fylket.

### For valperioden 2015 – 2019:

	<u>Funksjon</u>	<u>Reprenter</u>	
Kåre Ystanes	leiar	PF	Vara: Gunvor Opedal
Gunda Falao Sparre	nestleiar	LOP	Vara: Svein Njåstad
Martin Monrad Reigstad	medlem	PF	Vara: Eli Nordstad
Inger M. Lingjerde	medlem	PF	Vara: Kari Solberg
Odd Himle	medlem	SS-H	Vara: Egil Haaland

### Politisk valde representantar:

Synnøve Solbakken	medlem	FL A/SP/SV	Vara: Tore Svendsen m.fl.
Inger Sjong	medlem	FL H/FRP/	Vara: Silje Hjemdal m.fl.



**Sekretariat:**

Fylkeseldrerådet (FYEL) har hatt møtesekretær/ sakshandsamar/ rådgjevar som administrativt er knytt til organisasjonsavdelinga i fylkeskommunen. Merethe Nordnæs og Berit Dianne Kilvær har delt sekretærfunksjonen frå 1/1-2017.

**Arbeidsutval:**

Kåre Ystanes (leiar), Gunda Falao Sparre (nestleiar), Merethe Nordnæs (sekretær for utvalet) har fungert som arbeidsutval for fylkeseldrerådet i 2017.

**Budsjett:**

Budsjett- og rekneskapsansvar for rådet er lagt til økonomiavdelinga. Fylkeseldrerådet hadde i 2017 til disposisjon eit budsjett på kr. 410.000. Budsjettet vart nytta til rådet sine møte, den årlege konferansen i regi av FYEL i HFK for dei kommunale eldreråda i Hordaland, deltaking på konferansar/seminar, Vestlandssamarbeidet mellom fylkeseldreråda i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland og den årlege landskonferansen for fylkeseldreråd.

**REPRESENTAR I BRUKARUTVALA for helseføretaka i Hordaland 2017-2019:**

	<b>MEDLEM:</b>	<b>VARA:</b>
<b>Helse Vest:</b>	Sogn og Fjordane fylkeseldreråd	Rogaland fylkeseldreråd
<b>Helse Bergen:</b>	Inger Lingjerde	Monrad Reigstad
<b>Haraldsplass diakonale sjukehus (HDS):</b>	Gunda Falao Sparre	Odd Himle
<b>Helse Fonna:</b>	Synnøve Solbakken	Rogaland fylkeseldreråd

**DELTA KING PÅ KURS, KONFERANSAR OG SAMLINGAR/SEMINAR:****Kurs**

29.03.2017:

Opplæringskurs for medlemmene i brukarutvala under helseføretaka i Hordaland. Frå Fyel deltok Inger Lingjerde og Gunda Falao Sparre.

29. og 30.08.2017:

Fellessamling for Brukarutvala under helseføretaka i Hordaland. Frå Fyel deltok Inger Lingjerde, Monrad Reigstad og Gunda Falao Sparre.

**Konferansar**

- 1. Konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland (7.-8. nov. 2017 i Bergen) i regi av Fylkeseldrerådet i Hordaland**

Fylkeseldrerådet i Hordaland arrangerer kvart år ein to dagars konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland. Konferansen i 2017 gjekk føre seg på Scandic Bergen City Hotell i Håkonsgaten 2-7 i Bergen.

Konferansen vart opna av leiar Kåre Ystanes. Fire elevar frå musikklinja ved Langhaugen videregående skole spelte fiolin, og vara Fylkesordførar Pål Kårbø helste deltakarane frå fylkeskommunen.

Første dag blei avslutta med felles middag. HR Dir. Geir Davidsen helste frå Rådmannen og Fylkeskommunen og heldt tale. Under middagen var det kulturinnslag ved "Migrasjon" med songar og forteljingar frå norske utvandrarar i USA.

Program for konferansen: Sjå vedlegg I bakanfor.

**2. Vestlandskonferansen 2017. (4.-6. april 2017)**

Fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland har gjennom fleire år hatt eit regionalt samarbeid ved at dei har skifta på å vera vertskap for ein felles konferanse eller ein studietur. I 2017 vart konferansen halden som ein studietur til Aalborg i Danmark. Rogaland hadde ansvar for programmet på studiereisa. Sjå vedlegg II bakanfor. Fylkeseldrerådet i Møre og Romsdal har formulert rapporten frå turen. Lenker til rapporten:

<http://www.sfi.no/fylkesraadet-for-eldre.350434.nn.html>

[Studietur 2017 fylkesrådet for eldre.pdf](#)

**3. Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd 2017 (22.-24. mai 2017)**

Det vert årleg skipa til ein landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd. Eit av fylkeseldreråda i landet tek på seg arrangementet. I 2017 fann denne konferansen stad i Ålesund. Programmet for konferansen ligg under vedlegg III bakanfor.

**Samlingar/seminar:**

Enkeltmedlemmer i Fylkeseldrerådet har vore til stades på følgjande samlingar /eksterne møte:

29.03.2017: Opplæring for brukarutvala i Helse Bergen. Inger Lingjerde og Gunda Falao Sparre deltok.

03.05.2017: Møte i Samferdsleavd. HFK for begge råd med tema "Utvida TT-ordning", orienterings- og innspelsmøte. Heile Fyel deltok.

20.06.2017: Dialogmøte frå Helsedepartementet: "Leve hele livet. En kvalitetsreform for eldre". Odd Himle og Gunda Falao Sparre deltok.

22.08.2017: Dialogmøte med representant(ar) frå Fyel og Rådet for funksjonshemma med sakshandsamar frå Samferdsleavdelinga om revisjon av handlingsprogrammet for folkehelse. Gunda Falao Sparre deltok frå Fyel.

29.-30.8.2017: Samling for representantar i brukarutvala i Helse Bergen. Inger Lingjerde, Monrad Reigstad og Gunda Falao Sparre deltok.

25.09.2017: Innspelsmøte til "Handlingsprogrammet til Regional plan for folkehelse 2014-2025. Gunda Falao Sparre deltok frå Fyel. Fyel sendte den 29.9. skriftleg innspel til enkelte punkt i forslaget til Handlingsprogram.

### **Eksterne foredrag**

25.-26.09.2017 foreleste, etter invitasjon, medlem i Fylkeseldrerådet, Inger Lingjerde, på samling i Øystese for pensjonisttillitsvalde i Fagforbundet. Forelesninga hadde tittelen "Eldrerådet i arbeid, Eldrerådsloven /lovendring, Oppgaver og samarbeid"

### **DELTA I PROSJEKT**

I fylkeseldrerådet fekk i april 2016 førespurnad frå Samferdsleavdelinga om å delta i eit prosjekt om universell utforming i regi av Trafikkøkonomisk Institutt (TØI). Rådet var positiv til førespurnaden. Prosjektet blei avslutta i 2016 og er oppsummert i ein rapport, som låg føre i januar 2017.

### **MØTE OG SAKSOMRÅDE 2017**

Fylkeseldrerådet har i 2017 hatt 7 rådsmøte og handsama 10 større saker. Rådet har gjeve uttale til høyringsframlegg og innspel i saker der dette har vore spurt etter. Rådet har også tatt opp saker som det har fått kjennskap til ved brev og innspel til rådet. Rådet har også fremja saker som det har initiert sjølv. Arbeidsutvalet (AU) har hatt 6 møte, som har vore telefonmøte for å spara reiseutgifter.

### **Saker som det har blitt arbeidd spesielt med:**

- Diverse saker med innspel til Skyss
- Folkehelseplanen i Hordaland med innspel til justering av handlingsplanen
- Kollektivtrafikken; buss, båt og bane, og tilrettelegging for korrespondanse mellom buss- og båttruter og tilrettelegging for eldre trafikkantar.
- Innspel til revisjon av Handlingsplan til Folkehelseplanen, september 2017
- Forslag til samferdselsavdelinga om endring i reglane for TT-kort når ein kjem på institusjon.
- Eldre døve som vert tilsidesette i kommunane
- Informasjon om dei ulike saksfelte fylkeskommunen arbeider med ved at sakshandsamarar frå ulike avdelingar har halde orienteringar i fylkeseldrerådet.
- Uttalar frå fylkeseldrerådet til diverse planar: (sjå nedanfor under oversikt over uttalar for ordlyden)
- Justering av Handlingsplan for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2015-2019

### **Rådsmøte:**

02.02.2017:

Orientering frå Samferdselsavdelinga ved Rolf Rosenlund vedrørende retningsliner for tildeling av TT-kort. Orientering frå fylkestannlege Arne Åsan om HFK's arbeid med tannhelse. Andre saker m.a.: Den kulturelle spaserstokken. Serviceliner i bydelane. Sluttrapport frå TØI om prosjektet "Universell utforming av bybane og bussar i Bergen", eit prosjekt Fylkeseldrerådet har deltatt i med respondentar.

30.03.2017

Leiar for seksjon plan ved regionsavdelinga, Marit Rødseth, orienterte om planseksjonen og regional planlegging. Oppfølging av orienteringa frå fylkestannlegen. Brev til samferdselsavdelinga om TT-kortordninga for funksjonshemma; forslag til endring av reglane. Likeverd i HFK, førebuing av høyringsuttale. Regional transportplan, førebuing av høyringsuttale. NAV og manglande papirutskrifter av pensjonsutbetalingar.

01.06.2017:

Opplæring i teiknspråk i HFK. Skriftleg orientering frå fylkesrådmannen. Brev til fylkestannlegen vedrør tannhelse i HFK.

19.06.2017:

Førebuing av fylkeseldrerådet sin konferanse for dei kommunale eldreråda i HFK. Tema og innleiarar.

12.09.2017:

Orientering frå Regionsavdelinga ved spesialrådgivar Aina Haugstad og seniorrådgivar Sigrid Næsheim Bjercke om nye tiltak/ vesentleg endring av tiltak knytt til universell utforming i revisjon av handlingsprogrammet til folkehelseplan for HFK. Pasientreiser. Infobrosjyrar på bussane hausten 2017.

09.11.2017:

Skiftleg innspel frå fylkeseldrerådet til rulleringa av Handlingsprogram for folkehelse. Eldre døve som blir tilsidesette ved sjukeheimar i Hordalandkommunar. Parkering i Birkelandsskiftet. Flytting av gangfelt i Årstadveien og endring namn på haldeplass same stad. Start arbeid med Årsmelding for fylkeseldrerådet 2017. Start eventuell revisjon av handlingsplan for fylkeseldrerådet 2017-2019.

07.12.2017:

Orientering frå budsjettavdelinga ved Ingar Skeie om den økonomiske utviklinga i Hordaland fylkeskommune, bakgrunnstal og prosessen fram mot endeleg budsjettframlegg. Godkjenning av brev til SKYSS angåande haldeplass ved Ulset sykehjem. Høyringsuttale om endringar i reglane for TT-kort i Hordaland. Justering av årsmelding for fylkeseldrerådet 2017.

#### **AU-møte:**

17.01.2017: Førebuing mm Fyelmøte den 02.02.2017

16.03.2017: Førebuing mm Fyelmøte den 30.03.2017

16.05.2017: Førebuing mm Fyelmøte den 01.06.2017

18.08.2017: Førebuing mm Fyelmøte den 12.09.2017

19.10.2017: Førebuing mm Fyelmøte den 09.11.2017

20.11.2017: Førebuing mm Fyelmøte den 07.12.2017

20.12.2017: Førebuing mm Fyelmøte den 11.01.2018

#### **HØYRINGSUTTALE/ INNSPEL I SAKER**

Fylkeseldrerådet har i 2017 gjeve uttale/ innspel i følgjande saker:

##### **1. Uttale om plan for likeverd i HFK**

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 30.03.2017 i sak PS 11/2017 å uttala seg. Fristen var 07.04.2017. Følgjande uttale blei gitt:

##### **Uttale til temaplan ” Likeverd i Hordaland fylkeskommune” 2017 -2021**

Fylkeseldrerådet seier seg nøgd med at det er utarbeidd ein overordna plan som omhandlar likeverd, tiltak mot mobbing og diskriminering og som skal gje retningslinjer for tilsette og tenesteyting i Hordaland fylkeskommune. Planen ser ut til å ha i seg det meste for å kunne nyttast som verktøy i arbeidet med problemstillingar m.o.t. likeverd for alle.

Me ser det likevel naudsynt å koma med nokre forslag til forbetningspunkt., idet me saknar nokre tiltak retta mot aldersdiskriminering av seniormedarbeidarar. Allereie i ”**Likeverdsplakaten**” bør ein endra nest siste strategi pkt. til: Hordaland fylkeskommune er ein inkluderande verksemd, som arbeider for å hindre utstøyting og fråfall, *særskild av eldre arbeidstakarar.*

Til side 7: ”**Likeverd i Hordaland fylkeskommune – tre hovudfokusområde**”.

Her saknar vi eit avsnitt der ein fokuserar på eldre arbeidstakarar. Dvs. at fylkeskommunen som arbeidsgjevar tar sitt arbeidsgjevarsansvar for å bidra til eldre tilsette ikkje opplever diskriminering, utstøyting, negative haldningar som skapar utfrysing og ekskludering. ( Dvs. uønskte utstøyttingsmekanismar) Og at eldre arbeidstakarar får ta del i planmessig kompetanseutvikling, gjennom fagleg og personleg utvikling gjennom heile yrkeskarrieren, og blir sett på som ein ressurs.

## **2. Uttale om Nasjonal Transportplan (NTP)**

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 30.03.2017 i sak PS 12/2017 å uttala seg. Fristen var 07.04.2017. Uttalen dekte fleire punkt i forslaget til NTP. Fordi uttalen var på 5 sider, gjengir vi i denne årsmeldinga berre innleiinga: ”Høyringsdokumentet ber om at dei som uttalar seg til Regional Transportplan, særleg tek føre seg kva planen seier om mål, strategiar, overordna prioriteringar og tiltak. For fylkeseldrerådet er det naturleg å sjå på kva planen kan få å seia for situasjonen for dei eldre i fylket.

Fylkeseldrerådet har i tidlegare uttalar til Regional transportplan (RTP) vore oppteken av at det måtte verta lagt vekt på gode og tenlege kollektivtilbod med eit breitt rutenett og god korrespondanse mellom ulike bussruter og mellom buss og båt. Vidare har rådet peikt på kor naudsynt og tenleg det er å leggja til rette for romslege område for innfartsparkering for å få folk til å nytta kollektivtransport. Fylkeseldrerådet har også vore spesielt opptatt av at alle nye vegar blir bygde med gang- og sykkelvegar på sida. Fylkeseldrerådet er derfor glad for at RTP 2018- 2029 vektlegg desse områda i ulike kapitel i planen.

Rådet har i tillegg til å kommentera mål, strategiar, prioriteringar og tiltak nemnde i dei enkelte kapitel, disponert uttalen sin rundt punkt som rådet meiner har mykje å seia for dei eldre i fylket. I kommentarane viser vi til kor tema som vi tek opp, er nemnde i planen.”

## **3. Innspel til revisjon av handlingsprogrammet for folkehelse**

Innspel til revisjonsarbeidet blei den 24.09.2017 sendt frå Fylkeseldrerådet til regionsavdelinga.

Fylkeseldrerådet blei i møte den 12.09.2017 i sak PS 31/2017 orientert frå regionsavdelinga om dei endringane som er gjort i høve universell utforming i revisjon av handlingsprogrammet for folkehelse.

## **4. Uttale om forslag til endringar i TT-ordninga**

Fylkeseldrerådet vedtok i møte den 07.12.2017 i sak PS 50/17 følgjande uttale:

#### TT-kortbrukarar som vert innlagde på institusjon.

Fylkeseldrerådet har, slik det blir nemnt i saksframlegget (side 7/10) tidlegare skrive til samferdselsavdelinga om reglane for TT-kort når ein vert innlagd på institusjon. Rådet ber i skrivet om at det ikkje vert gjort forskjell på dei som kjem under nemninga tunge brukarar og andre brukarar med TT-kort når dei kjem på institusjon, men at det i den situasjonen må gjelde same reglar for alle.

Fylkeseldrerådet er difor særst glad for at det i dei nye reglane skal vera lik handsaming slik at alle TT-kortbrukarar som vert innlagde på institusjon, blir handsama likt, slik det framgår av tabellen over ytingar og reglar der gjeldande reglement og forslag til nytt reglement/ føresegn blir lista opp.

#### Valg av modellar for kvotetildeling.

Fylkeseldrerådet godtar grunngevinga i alternativ 1 for å innføra lik grunnkvote til alle brukarar, men med det unnatak som er nemnt om å gi brukarar av elektrisk rullestol ein høgare kvote. (Tabell side 8/10). Vi støttar dermed forslaga til endringar slik dei går fram av tabellen. Sjå likevel kommentar nedanfor om minstealder.

#### Minstealder for å få livsvarig godkjenning.

Fylkeseldrerådet går ikkje i mot at minstealderen for å få livsvarig godkjenning som TT-brukar, vert auka frå 80 til 85 år, men meiner at den nye grensa må gjelda for nye søkjarar, men ikkje for dei som ved innføring av nye reglar allereie har livsvarig godkjenning fordi dei er over 80 år. Eit slikt unnatak frå den nye regelen vil medføra at ein får ei naturleg utfasing over maksimum 5 år, som er føreslått som ny tildelingsperiode. Ei slik ordning vil også spare ein del sakshandsaming i og med at dei som er over 80 år og dimed allereie har livsvarig godkjenning som TT-kortbrukar, ikkje treng bli vurderte på nytt.

#### Tildelingsperiode

Fylkeseldrerådet er samd i at tildelingsperioden blir auka frå 4 til 5 år.

#### All sakshandsaming til fylkeskommunen.

Fylkeseldrerådet ser føremonane ved å samla all sakshandsaming i høve godkjenning som TT-kortbrukar i fylkeskommunen, og ikkje ute i den enkelte kommune. Rådet støttar difor dette forslaget.

### **OPPSUMMERING**

Fylkeseldrerådet er opptatt av å kunna vera ein nyttig samarbeidspartnar for fylkeskommunen i høve til dei eldre. Det er difor viktig at rådet på eit så tidleg tidspunkt som mogleg får kjennskap til dei ulike sakene som det vert arbeid med i fylkeskommunen og som vedkjem eldre, slik at rådet kan få gjeve innspel i tide. Det vert difor lagt vekt på at sakshandsamarar og andre sentrale personar med jamne mellomrom får møta rådet. Rådet er også medvete om at det kan ta opp saker på eiga hand. Rådet er glad for at ein har fått etablert eit godt samarbeid med dei ulike avdelingane i HFK med omsyn på informasjon og orienteringar til rådet.

Fylkeseldrerådet har sitt eige budsjett, noko som gjer det mogleg for rådet å samhandla med dei kommunale eldreråda og andre fylkeseldreråd.

Medlemmer i Fylkeseldrerådet er representantar og vararepresentantar i helseføretaka for perioden 2017-2019. Representantane gir tilbakemelding til Fylkeseldrerådet frå brukarmøta, og protokoll frå møta i brukarutvala blir sendt til Fylkeseldrerådet.

Bergen den 11.01.2018

For fylkeseldrerådet

Kåre Ystanes  
Leiar

## **VEDLEGG I:**

**Konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland 7. nov – 8. nov 2017 i Bergen**

(Innleiarar under tema 2 ”*Erfaringar som eldreråd i min kommune*” var Berit Anita Knudtsen Larsen frå Fjell kommune og Berit Aarekoll frå Ulvik herad.)





## ELDRERÅDSKONFERANSEN 2017

for kommunale eldreråd i Hordaland

---

### TYSDAG 7. – ONSDAG 8. NOVEMBER

Scandic Bergen City, Håkonsgaten 2-7, Bergen

---

#### TYSDAG 7. NOVEMBER

*Kl. 10.00* Registrering

*Kl. 10.30* Velkomen  
Kåre Ystanes, leiar i fylkeseldrerådet

*Kl. 10.35* Helsing  
Pål Kårbø, fylkesvaraordførar

*Kl. 10.40* Kulturinnslag  
Elevar frå Langhaugen videregående skole


***Kl. 10.50* Tema 1: NAV Hjelpemidler og tilrettelegging  
– Kjerneoppgaver og utviklingstrekk**  
Geir Rune Folgerø,  
avd.dir. Hjelpemiddelsentralen

*Kl. 11.35* Kaffipause

***Kl. 11.50* Tema 2: Innlegg frå 2 eldreråd**

***Kl. 12.10* Tema 3: Framtidas utfordringar for eldreråd**  
Jan Davidsen, leiar Pensjonistforbundet

*Kl. 13.10* Lunsj

- 
- Kl. 14.10 Gruppearbeid: Korleis kan eldrerådet i min kommune fungera betre?
- Kl. 15.00 Presentasjon av gruppearbeid
- Kl. 16.00 Kaffipause*
- Kl. 16.15 Tema 4: Sjukeheim og pleieheimar  
- Nytt inntakssystem frå 1. juli 2017.  
Kva skal sjukeheimar vere i framtida?  
Astrid Toft, dagleg leiar KS Hordaland**
- Kl. 17.15 Fritid fram til middag*
- Kl. 19.00 Middag m/kulturinnslag
- 

## ONSDAG 8. NOVEMBER

- Kl. 09.00 Allsong  
**Nicolay Leganger**
- Kl. 09.15 Tema 5: «Eldre må kunne bite fra seg!»**  
Gunhild Strand, professor i odontologi,  
Universitetet i Bergen
- Kl. 10.15 Tema 6: Likeverd i Hordaland fylkeskommune**  
Frode Mannsåker, HR-leiar HFK
- Kl. 10.45 Kaffipause og utsjekk*
- Kl. 11.15 Tema 7: Pasientreiser**  
Ann-Mari Høiland, avd.sjef Helse Bergen
- Kl. 12.00 Avrunding og oppsummering
- Kl. 12.30 Lunsj

Vel heim!

**VEDLEGG II**  
**Vestlandskonferansen 2017, Aalborg 4. april – 6. april 2017**

# Studietur for fylkeseldrerådene

Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland  
Aalborg kommune, Danmark 3.4.– 7.4.2017

---



ROGALAND  
FYLKESKOMMUNE

## Mandag 3.4.2017

- 12.30 Sjekk inn Fjordline: Bergen *Adresse:  
Bergen Havn, Nøstegaten 30, 5010 Bergen*
- 19.00 Sjekk inn Fjordline: Stavanger *Adresse:  
Risavika, Kontinentalveien 31, 4056 Tananger*
- 19.30 Middag i Commander Buffet – All-you-can-eat inkl. drikke

## Tirsdag 4.4.2017

- 6.30-8.00 Frokostbuffet i Commander Buffet – All-you-can-eat inkl. drikke
- 8.00 Ankomst Fjordline: Hirtshals
- 8.15 Avgang med buss til First Hotel Aalborg *Adresse:  
Rendsburggade 5, 9000 Aalborg – tlf. 0045 98 10 14 00*
- 9.00 Fellessamling på First Hotel Aalborg  
"Praktisk info"
- 10.30 Avgang med buss – møtes i resepsjonen
- 11.00 Velkommen til Aalborg kommune  
v/ Rådmand Thomas Krarup (etatsjef innen helse) *Adresse:  
Fremtidens Plejehjem, Carl Klitgaards Vej 5, 9400 Nørresundby  
[www.fremtidensplejehjem.dk/](http://www.fremtidensplejehjem.dk/)*
- 12.00 Lunsj – Victors Madhus
- 13.00 Tilgjengelighet for eldre (universell utforming)  
v/ tilgjengelighetsrådgiver Kit Bos
- 14.00 Omsorgstannpleien i Aalborg kommune  
v/ klinikkleder Maiken Bagger.
- 15.00 Presentasjon av Fremtidens Pleiehjem og en guidet tur i huset .  
v/ pleiehjemsleder Kis Anette Lund og Lars Nøhr
- 17.00 Slut for dagen
- 18.30 Avgang – møtes i resepsjonen (gåavstand)
- 19.00 Middag på Den Bette Kro *Adresse:  
Vingårdsgade 5, 9000 Aalborg*



ROGALAND  
FYLKESKOMMUNE

## Onsdag 5.4.2017

- 09.00 Besøk på Rehabiliteringssenter Aalborg  
v/ senterleder Hanne Hostrup *Adresse:*  
*Dokkedalvej 20, Mou, 9280 Storvorde*  
[www.aalborg.dk/sundhed-og-sygdom/rehabiliteringscenter-aalborg](http://www.aalborg.dk/sundhed-og-sygdom/rehabiliteringscenter-aalborg)
- 11.00 Transport til Musikkens Hus og Nordkraft *Adresse:*  
*Musikkens Plads 1, DK 9000 Aalborg*  
[www.nordkraft.dk](http://www.nordkraft.dk) / [www.musikkenshus.dk](http://www.musikkenshus.dk)
- 12.00 Lunsj – Musikkens Spisehus
- 13.00 Omvisning i Musikkens Hus og Nordkraft  
Orientering om kultur- og fritidstilbud i Aalborg kommune.  
v/ sjefkonsulent Claus Rene Pedersen.
- 15.00 Samferdsel (trafikk, kollektive tilbud og trygg trafikk for eldre)  
v/ avdelingsleder Jan Øhlenschläger *Adresse:*  
*Nordkraft*
- 16.00 Slut for dagen – gå-avstand til hotellet
- 17.30 Avgang med buss – møtes i resepsjonen
- 18.00 Omvisning på Dronninglund Slott *Adresse:*  
*Slotsgade 8, 9330 Dronninglund*
- 19.00 Avslutningsmiddag på Dronninglund slott
- 22.00/22.30 Avgang med buss til hotellet



## Torsdag 6.7.2017

09.00 Besøk på Center for Velfærdsteknologi  
v/ direktør Inga Fryd.

*Adresse:*  
*Faaborgvej 15, 9220 Aalborg Øst*  
[www.cfv-nord.dk](http://www.cfv-nord.dk)

10.45 Eldrerådet i Aalborg kommune  
v/ eldrerådsformand Ellen Jensen.

12.00 Lunsj

13.00 Slutt for dagen og buss retur til hotellet

16.30 Fellessamling på First Hotel Aalborg

*Adresse:*  
*Rendsburggade 5, 9000 Aalborg – tlf. 0045 98 10 14 00*

18.00 Avgang til Fjordline med buss – møtes i resepsjonen

19.00 Sjekk inn Fjordline: Hirtshals

19.30 Middag i Commander Buffet – All-you-can-eat inkl. drikke

## Fredag 7.4.2017

5.00-10.30 **Hordaland og Sogn og Fjordane:**  
Frokostbufe i Commander Buffet – All-you-can-eat inkl. drikke

6.30 Ankomst Fjordline: Stavanger

12.30 Ankomst Fjordline: Bergen



ROGALAND  
FYLKESKOMMUNE

## **VEDLEGG III**

**Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd, Ålesund 22. mai - 24. mai 2017**





# Landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd

Scandic Parken hotell, Ålesund • mandag 22. mai t.o.m. onsdag 24. mai



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Foredragshaldarar



## Wenche Frogn Sælleg

er lege, geriater, pensjonist. Leiar av Statens

seniorråd og medlem av Rådet for demens i Nasjonalforeningen og Den nasjonale forskningsetiske komitè for medisin og helsefag, medlem av nyoppretta prioriteringsutval for den kommunale helse- og omsorgstenesta som skal lage ei tilråding i form av ein NOU. Av tidlegare erfaring har ho vært 8 år på Stortinget og vært miljøminister, justisminister og sosialminister i åra 1981 – 1990.



## Tommy Rønne

arbeider til daglig som rådgiver med universell utforming i Husbanken Midt-Norge. Han har

bakgrunn fra forskning og utvikling, som forskningstekniker ved NTNU ved Fakultet for elektro- og data-teknikk og som rådgiver i NAV Hjelpemidler og tilrettelegging på feltet spesialtilpasning av boliger for funksjonshemmede og eldre. Han har alltid fokus på «kunnskap til rett tid» og «etterpåkløskap på forhånd» som verktøy for å nå målet om flere funksjonelle boliger og bedre bokvalitet for alle. Det gir en god mulighet for at alle, ikke bare eldre, kan bo i sitt hjem lengst mulig. Flere funksjonelle boliger gir også mulighet for at satsningen på velferdsteknologi skal lykkes.



## Christine Thokle Martens

er stipendiat ved NOVA, Høgskolen i Oslo og Akershus.

Hun har hovedfag i statsvitenskap (Cand Polit) fra Universitetet i Oslo. Hennes faglige interessefelt er velferdsstaten og ansvars- og oppgavefordelingen mellom stat, kommune og den enkelte. I doktoravhandlingen ser hun på dette i en analyse av den norske eldreomsorgen. Martens har bidratt i flere av NOVAs rapporter om kommunenes planlegging av fremtidens omsorgstjenester, spesielt med tanke på hvor morgendagens eldre skal bo og motta omsorgstjenester.



## Åse Laila Snåre

Avdelingsdirektør for Helse og velferd i KS fra 2016. Hun er sykepleier med spesialutdanning i aldring og eldreomsorg, Bedriftsøkonom BI, og Master i helseadministrasjon UiO.

Snåre har lang erfaring fra arbeid i eldreomsorgen som leder på mange nivåer. Fra 2002 ble hun ansatt i Oslo kommune, med et særlig ansvar for utviklings- og utredningsoppgaver innenfor helse- og eldrepolitikk.



## Bjørn Heine Strand

er seniorforsker ved Folkehelseinstituttet, hvor han forsker på sosiale helseforskjeller og aldring i et livsløpsperspektiv. Han har bistilling ved Nasjonal kompetansetjeneste for aldring og helse, og ved Universitetet

i Oslo (UiO) hvor han er førsteamanuensis. Han har PhD i epidemiologi fra UiO, og et postdoktor-fellowship i livsløpsepidemiologi og aldring fra National Institute on Aging (NIA)/National Institutes of Health (NIH), USA og University College London (UCL), UK i perioden 2008–10. Han er Cand. Scient i biostatistikk fra NTNU i Trondheim (1999). Strand er Norsk redaktør av Scandinavian Journal of Public Health. Han er prosjektleder for fysisk funksjonsevne i Tromsundersøkelsen, samt demensprosjektet TRAIL-DEM som er støttet av Nasjonalforeningen for folkehelsen i perioden 2017–20.

# Program

## MÅNDAG 22. MAI

Møteteiar: Anne Lise Hessen Følsvik

- 10.30 **Registrering**
- 11.00 **Byvandring**
- 12.30 **Lunsj**
- 13.30 **Velkommen til Møre og Romsdal**  
v/ fylkesordførar Jon Aasen  
**Velkommen til Ålesund by** v/ ordførar Eva Aurdal
- 14.00 **Oppstart av konferansen.** Praktiske opplysningar.  
Val av redaksjonsnemnd
- 14.30 **Pause**
- 14.45 **Dei eldre og fungering i kvardagen. Kva seier forskinga?** v/ Bjørn Heine Strand, seniorforskar ved Folkehelseinstituttet
- 15.30 **Pause** med litt mat
- 15.45 **Korleis møte eldreveksten i kommunane.** v/ Åse Snåre, direktør for helse og velferd i KS
- 16.45 **Avreise frå hotellet til Atlanterhavsparken.**  
Omvisning
- 18.00 **Slutt**
- 
- 19.00 **Middag** på hotellet

## TYSDAG 23. MAI

Møteteiar: Jon Skarvøy

- 08.30 **Gjennomgang av innkomne uttaleforslag.**
- 09.00 **Er senior- og eldrerådene utgått på dato ?**  
v/ leiar av Statens seniorråd, Wenche Frogn Sælleg
- 09.45 **Pause**
- 10.00 **Norge rundt, tema 1: Folketalsutviklinga – med utgangspunkt i Møre og Romsdal**
- 10.45 **Pause**
- 11.00 **Norge rundt, tema 2: Digitalisering – konsekvensar for eldre**
- 12.00 **Lunsj**
- 13.00 **Norge rundt, tema 3: Eldre som ressurs i offentleg og frivillig verksemd**
- 13.45 **Pause**
- 14.00 **Orientering om museumsdrifta i Møre og Romsdal** v/ fylkeskultursjef Heidi-Iren Wedlog Olsen. Slutt kl 14:30.
- 14.45 **Avreise til Sunnmøre museum**
- 15.00 **Omvisning/orientering ved museet**  
Kaffe og litt mat. Slutt ca. kl 17:00
- 
- 19.00 **Festmiddag** på hotellet

## ONSDAG 24. MAI

Møteteiar: Anne Lise Hessen Følsvik

- 09.00 **Vedtak av ein eller fleire uttalar.** Val av arrangør 2019
- 10.00 **Pause**
- 10.15 **Bustad og tenester for eldre.** v/ Christine Thokle Martens, forskar ved NOVA/Høgskolen i Oslo/Akershus
- 11.00 **Pause med utsjekking** frå hotellet. Litt mat
- 11.30 **Praktisk tilrettelegging av bustader.** v/ Tommy Rønne rådgivar i Husbanken Midt-Norge. Slutt ca 12:15
- 12.30 **Avreise til Alnes fyr/opplevingscenter**
- 12.50 **Omvisning og orienteringar frå opplevingscenteret.** Lunsj
- 15.00 **Buss tilbake til hotellet via flyplassen**



Arkivnr: 2017/2682-56  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	7/18	11.01.2018

### Vedtak om representasjon i regionale brukarutval

#### Samandrag

Det vert vist til PS sak 54/17 i møte den 07.12.2017, angående brev frå fylkeseldrerådet i Troms om representasjon i regionale brukarutval.

Fylkeseldrerådet i Hordaland fylkeskommune (HFK) sluttar seg til vedtaket som Troms fylkeseldråd har gjort i sak om representasjon i brukarutvalet i helseforetaket Nord. Fylkeseldrerådet i HFK sender tilsvarande uttale til Helse Vest om at det er fylkeseldrerådet i HFK som skal oppnemne representantar i brukarutvala slik som hittil med kopi til Helse Fonna og Haraldsplass Diakonale Sykehus.

Sjå vedlegg.

#### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til brev til Helse Vest, slik det ligg føre.

Bertil Søfteland  
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs  
Jurist/rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Helse Vest RHF  
Postboks 303 Forus  
4066 STAVANGER

Dato: 07.12.2017  
Vår ref.: 2017/2682-62  
Saksbehandlar: berkilv  
Dykkar ref.:

## Vedtak om representasjon i regionale brukarutval - Helse Vest RHF

Fylkeseldrerådet i Hordaland har blitt merksam på at det er gjort endringar i forslag til vegleiande retningslinjer for oppnemning av medlemmer i brukarutvala i dei regionale helseføretaka. Vi viser til dokumentet *"Brukermedvirkning på systemnivå i helseføretak"* av februar 2017. I kapittel 5, pkt 5.1, *nominasjon*, vert representasjon frå dei eldre formulert slik: "For å ivareta de eldre særelege behov inviteres som hovedregel Pensjonist-forbundet. "

Fylkeseldrerådet i Hordaland er gjort kjent med at fylkeseldrerådet i Troms fylke har reagert på den føreslåtte endringa, og at dei i sitt møte den 30.11.2017 i sak 25/17 har vedtatt ein uttale til Helse Nord RHF, der dei konkluderer med å be om at "nåværende ordning opprettholdes".

Fylkeseldrerådet i Hordaland har i møte 07.12.2017 i sak PS 54/17 gjort vedtak om å støtta innhaldet i det vedtaket som Fylkeseldrerådet i Troms har gjort, og i tillegg sende eit eige brev i saka til Helse Vest.

Fylkeseldrerådet i Hordaland reagerer, liksom Fylkeseldrerådet i Troms, på at berre **ein** organisasjon for eldre skal ha fortrinn på å verta spurde om å oppnemne kandidatar til medlemmer i brukarutvala. *Endringa er ei innsnevring av tidlegare praksis og ei tilsidesetting av andre organisasjonar for eldre.* Tidlegare blei Fylkeseldreråda spurde om å oppnemna medlemmer til brukarutvala i sin region. Medlemmene i fylkeseldreråda kjem frå ulike organisasjonar med dét felles at dei alle er opptekne av å ivareta dei eldre sine interesser på ulike område. Fylkeseldreråda har difor brei og variert kompetanse på området eldre situasjon og erfaring. Pensjonistforbundet representerer ca 225 000 av dei totalt ca 800 000 pensjonistane i Noreg, Fylkeseldreråda representerer om lag alle pensjonistar i Noreg fordi råda er samansette av personar frå ulike pensjonistorganisasjonar og råd for eldre.

*Fylkeseldrerådet i Hordaland ber difor om at det ikkje vert gjort endringar i retningslinjene for nominering av kandidatar til brukarutvala.*

Med venleg helsing  
Fylkeseldrerådet i Hordaland

Kåre Ystanes  
leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Helse Fonna HF  
Haraldsplass Diakonale Sykehus



Arkivnr: 2017/2682-57  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	8/18	11.01.2018

### Eldrerådskonferansen 2018 - konferansen for dei kommunale eldreråda, forslag til tid, stad og tema

#### Samandrag

Eldrerådskonferansen skal no planleggast. Ein skal fastsette tid, stad (hotell) og tema for konferansen.

Sekretariatet ber om tilbod frå aktuelle avtalehotell for arrangementet av konferansen.

På møtet i eldrerådet den 11.01.2018 vert medlemmane bedt om å kome med forslag til tema for konferansen.

Tema som er foreslått på møtet den 07.12.2017:

- Matkultur: orientering frå produktrådet i Bergen kommune.

Fylkeseldrerådet vil fremje forslag til fleire tema for eldrerådskonferansen 2018.

#### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vil fremje forslag til tid, stad (hotell) og tema for eldrerådskonferansen 2018.

Bertil Søfteland  
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs  
Jurist/rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**PS 9/18 Ymse**